



**ÅMLI KOMMUNE**  
Plan- og næringsavdelinga

Linn Nærings- og matdep.	
06/143	232
2 JUN 2006 MP/SDE	
MBB	713

**Det Kongelige Landbruks- og matdepartement**

**Postboks**

Saksbeh.: Kari Hagelia Olstad  
Direkte tlf.: 37185253  
E-post: kari.hagelia.olstad@amli.kommune.no


Vår ref.: 2006/270  
Dato: 30.05.2006

## HØYRING OM ENDRING AV LOV OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

Vedlagt følger Åmli kommune sin høyringsuttale.  
Viser til tidlegare kontakt med dykk vedr. innsending av uttalen etter kommunestyremøte 18.mai.

Uttalen sendast bare på fax. Fax nr 22 24 95 59 . Det var ikkje oppgitt postadresse på høyringsbrevet frå dykk.

Med helsing

  
Kari Hagelia Olstad  
jordbruksrådgjevar

Likelydande brev sendt til eksterne mottakarar:  
Det Kongelige Landbruks- og matdepartement Postboks



ÅMLI KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Saksbehandler: Kari Hagelia Olstad, jordbruksrådgjevar - Plan- og næringsavdelinga  
Dir.tlf./e-post: 37185253, kari.hagelia.olstad@amli.kommune.no  
Saksordførar: Tormod Askland

Dato: 05.05.2006  
Arkivref: 2006/270 - 2

Utv.saksnr: Møtedato: Utval:  
06/59 18.05.2006 Kommunestyret

## HØYRING OM ENDRING AV LOV OM VETERINÆRAR OG ANNA DYREHELSEPERSONELL

### RADMANNEN SITT FRAMLEGG:

Eit viktig overordna prinsipp må vere at ein har likverdige tilgang til veterinær over heile landet til ein akseptabel pris..

Det er særleg behov for ei betre veterinærvakt i helger og på kveld/natt.

Sidan det ofte er aktuelt for fleire kommunar å samarbeide om veterinærtjenester, vil det være naturleg å legge ansvaret for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt på regionalt nivå.

Skulle kommunane få overført dette ansvaret, og ikkje regionalt nivå, må midla som følgjer dette ansvaret vere ørmerka i starten.

Det er viktig at kommunane sine vurderingar kring veterinærtjenester blir høyrte.

### BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 18.05.2006

#### Avrøysting:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg.

### VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

Eit viktig overordna prinsipp må vere at ein har likverdige tilgang til veterinær over heile landet til ein akseptabel pris..

Det er særleg behov for ei betre veterinærvakt i helger og på kveld/natt.

Sidan det ofte er aktuelt for fleire kommunar å samarbeide om veterinærtjenester, vil det være naturleg å legge ansvaret for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvakt på regionalt nivå.

Skulle kommunane få overført dette ansvaret, og ikkje regionalt nivå, må midla som følgjer dette ansvaret vere ørmerka i starten.

Det er viktig at kommunane sine vurderingar kring veterinærtjenester blir høyrte.

**SAKSVEDLEGG:**

- 1 Høring av forslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell

**ANDRE SAKSDOKUMENT:**

Ingen

**KORT OM SAKA:**

Landbruks- og matdepartementet (LMD) har sendt ut på høring eit forslag til endring av lov av 15. juni 2001 nr 75 om veterinærer og anna dyrehelsepersonell med høyringsfrist 15. mai. Det er gitt melding til LMD at høyringsuttalen frå Åmli kommune vil bli sendt etter vedtak i Kommunestyret 18.mai.

**MERKNADER/VURDERING:**

Det økonomiske grunnlaget for klinisk veterinærtjeneste er svekka i delar av landet. Klinisk veterinærtjeneste vil seie tenesteyting frå sjølvstendig næringsdrivande veterinær til dyreeigarar.

Det svekka økonomiske grunnlaget for slike tenester skuldast blant anna strukturendringar og økonomiske forhold i landbruket, forbetringar i den norske dyrehelse og bortfall av distriktsveterinærtjenesta. Dette gjer det mindre attraktivt for veterinærer å etablere seg i enkelte distrikt. Det kan medføre mindre fokus på førebyggjande helsearbeid, dårlegare beredskap mot alvorlege, smittsame dyresjukdomar som i neste omgang kan gje svekka grunnlag for husdyrhald.

For å møte desse utfordringane sette LMD ned Sagelvmø-utvalet (i 2004).

Uvalet tilrår etablering av kommunalt ansvar for tilfredsstillande tilgang på dyrehelsepersonell og klinisk veterinærvesen i alle delar av landet. Dette medfører behov for lovendring.

Etter lovas §1 andre ledd er det i dag staten som har det overordna ansvaret for å sikre ei landsdekkande dyrehelsetjeneste. Departementet ønsker at kommunane frå 2007 skal sørge for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. Ansvaret for tiltak mot smittsame dyresjukdomar og oppfølging av dyreværnsaker vil fortsatt vere Mattilsynet sitt ansvar.

Økonomiske og administrative konsekvenser.

Alle nye oppgåver som blir pålagt kommunen skal vere fullfinansiert: Både utgiftene som nokre kommunar i dag bruker på frivillig basis (5-10 mill), 80 mill til veterinærvesen og noko til administrative utgifter for kommunane. Desse midla tar ein sikte på ei moderat auke av. Midlane skal takast inn i rammetilskotet til kommunane, evt. etter øremerking av tilskotet i ein overgangsperiode.

Veterinærforeninga er sterkt negative til den nye ordninga fordi dei mister sin forhandlingsrett.

Dei meiner også det bør vere ei nasjonal oppgåve å definere nivået på kva som er tilfredsstillande veterinærtjenester.

Etter distriktsveterinærordninga fall bort, med eigen distriktsveterinær busett i Åmli, har husdyrhaldarane nytta seg av veterinær frå Risør eller Tvedestrand. På dagtid i veka har ordninga fungert greitt. 8 veterinærer har avtalt vaktordning seg i mellom. I helgene har dei

ansvar for eit svært stor distrikt: Grimstad, Arendal, delar av Birkenes, Froland, Åmli, delar av Nissedal, Tvedestrand, Vegårshei, Risør og Gjerstad.

Dette er eit svært stort område. Dessutan er nattvakt i helgene slått saman med Kristiansand. Det har resultert i dødsfall på både storfe og sau hos bønder i Åmli, fordi veterinær ikkje kom fram tidsnok. Det er behov for betre veterinærteneste på kveld/natt spesielt i helger.

Det er positivt med lokalkunnskap når det gjeld vurdering av behov for tilfredsstillande veterinærteneste. Slik sett kan det vere ein fordel at ansvaret blir lagt på kommunen. Sidan det ikkje er grunnlag for ei veterinærstilling i alle kommunar, må det svært ofte til eit samarbeid med fleire kommunar om ei tilfredsstillande veterinærteneste. Det vil vere meir aktuelt å overføre ansvaret til regionalt nivå der kommunane sin behov blir ivaretatt.

I distriktskommunar er ofte husdyrhold ei viktig næring, samtidig har ein store geografiske avstandar.

Eit viktig prinsipp må vere at ein har ein likeverdig tilgang til veterinær over heile landet til ein akseptabel pris. Det bør vere eit nasjonalt, overordna ansvar å definere nivået på kva som er tilfredsstillande veterinærtenester.

Det blir lova full finansiering av kostnadene ved overføring av ansvar til kommunane. Det må bety at veterinærtenesta totalt må få meir pengar, dette er positivt og det er det også behov for. Skulle kommunane få overført ansvaret for klinisk veterinærvakt, må midla som følgjer dette ansvaret vere øremerka.